

# Rettferd

Professor Edvard Befring intervjuet av Fritz Johnsen

Då Edvard Befring mottok rettferdighetsprisen for 2009 (i regi av Stiftelsen Rettferd for Taperne) sa han mellom anna dette i si takketale: ”Eg har i lang tid sett med glede på arbeidet til Rettferd for taperne. Det er imponerende kva denne organisasjonen har utretta for å løfte fram i lyset det tause og usynlege Norge. Organisasjonen framstår som ei drivkraft for å realisere verdier som likeverd og rettferd, og har gitt markante impulsar til stor-samfunnet – til Regjering og Storting – for å vidareutvikle velferdsstaten.

Eg har merka meg at fleire av dei initiativa som styresmaktene har tatt for å gi oppreising til forsømte barn, for å styrke barnevernet og skape betre vilkår for medmenneske som har tungt å bere, i røynda har komme i stand etter påtrykk frå Rettferd for taperne. Dette er ei vital kraft i Noreg for å utvikle velferd og livskvalitet for tilsidesatte og bortgløymde medmenneske. Derfor er det og ei ekstra stor ære for meg å få tildelt denne prisen ”

*Vi har spurt Edvard Befring om korleis han ser på vilkåra for rettferd i dagens Norge:*

Rettferd er eit basalt kvalitetskrav til demokratiet og velferdsstaten. Her handlar det om rimelege og rettferdige fordelingar mellom folk når det gjeld goder og byrder. Rettferd er både eit politisk nøkkelbegrep og det er eit verdibegrep som ikkje minst står sentralt i spesialpedagogikken. Eit av velferdsstatens hovudmål er å skape vilkår for eit verdig liv gjennom læring, omsorg og velferd for alle. Dette gjeld i særleg



Edvard Befring

grad for dei som slit med funksjonshemming og med tunge personlege og sosiale problem. Vi kan merke oss at parolen for det internasjonale FN-året for funksjonshemma (1981), var full likestilling og deltaking. Alle skulle kjenne seg likeverdige og alle skulle vere deltakarar – ingen skulle stå utanfor. FN-året avdekte så mykje forsømmelse og så mange udekte behov at det i 1982 blei vedtatt å gjennomføre eit FN's ti-år for funksjonshemma, 1983-92.

FN's markante innsats var ei stor oppmuntring også her i landet for alle som var engasjert i å skape rettferd for forsømte og vanskelegstilte.

*På kva måte ?*

Her vil eg peike på at omkring 1990 gjekk fleire departement saman om å utarbeide ei fire-årig handlingsplan for funksjonshemma. Det skulle etter kvart komme tre slike handlingsplaner.



Eg kan ikkje her gå i detalj, men vil nemne at det formulerte målet var eit rettferdig, inkluderande og tilgjengeleg samfunn. Det skulle vere ei sentral samfunnsoppgave å gi alle tilgang til omsorg, helse, utdanning, natur og kultur og ikkje minst å få tilgang til medmenneske. Her var det tale om å skape likeverd og rettferd på brei front.

Det er grunn til å merke seg at handlingsplanene for funksjonshemma bidro til å sette fokus på at det i velferdsstaten var mange som var satt på sidelinja og altfor mange levde problematiske og einsame liv.

#### *Kan du seie litt meir om dette ?*

Her kan det visast til ulike forskingsoppgaver som har synleggjort at midt i velstanden og velferdsstaten kan medmenneske ha det temmeleg problematisk. Forskjellege samfunns-goder kan for mange fortone seg som nærmast uoppnåelege. Vi har til dømes blitt merksame på at mange lever i einsemd og ikkje har tilgang til eit einaste medmenneske.

#### *Einsemd ser du på som ei viktig utfordring:*

Ja, og det kan vere mange måtar å stå utanfor og einsemd kan vise seg på mange måtar. Eg hugsar ei telefonsamtale med ei ung synshemma kvinne for ein del år sidan som gjorde sterkt inntrykk på meg. Ho sat i sentralbordet i kommunehuset. Det var fredag ettermiddag og ho hadde lite å gjere, og så sa ho når eg ønskte henne god helg: Eg gler meg slett ikkje for det betyr å vere heilt aleine ein lang weekend. Ho fortalde at for henne var arbeidet og arbeidsdagen det store lyspunktet i livet. Nå gjekk ho to lange dagar i møte i det totale mørke der ho rekna med å vere utan nokon som helst medmenneskeleg kontakt.

Eksemplet viser eit trekk ved det moderne urbane samfunnet – bykulturen – der vi ser ein tydeleg tendens til at det er få som bryr seg. Vi har lett for å overlate folk til sin eigen skjebne. Her er både syns- og hørselshemma og andre minoritetar særleg utsatt. Dette er

også uttrykk for at mange som står i fare for å havne i isolasjon, manglar sjølvrespekt, sjølvtilit og sosialt pågangsmot. Dei har ikkje tiltru til seg sjølv og trur ikkje at dei kan gjere noko med sin eigen situasjon.

#### *Kan du utdjupe dette ?*

Det som her er påpeikt gir uttrykk for ein pedagogisk sprekkdannelse i opplæringssystemet som det kan og må gjerast noko med. Vi kan sjå det som ei framtidsoppgave av format å hjelpe barn og unge til å få tiltru til eg sjølv – tiltru til at dei kan bestemme over og vere aktørar i sitt eige liv. Vi bør vere i stand til å forstå at når barn lærer at dei er mindreverdige gjennom dei mange nederlag og alle slags samanliknande vurderingar som skjer i skolen, så er det ikkje lett å utvikle tillit til eg sjølv. Det er også på tide å sette fokus på at dersom ingen bryr seg om korleis eit ungt menneske har det, så vil han eller ho nokså sikkert også oppleve ein utanfor-posisjon og tru at han eller ho eigentleg ikkje er verdsatt og slett ikkje høyrer til. Det er derfor også fare for at mange i ein slik situasjon vil bli isolert til si eiga einsemd – som den unge blinde kvinna var eksempel på.

Dette handlar mellom anna om den urettferd som kjem til å møte altfor mange av dei barna som kvar seinsommar går forventningsfulle inn skoleporten for første gang.

#### *Du er opptatt av det likeverdige fellesskapet:*

Ja, vi veit at mangel på likeverdig kontakt og likeverdig felleskap gir grunnlag for mange tunge problem. Likevel blir det sjeldan lagt vekt på at vi treng kontakt med nokon som vi har noko felles med. Formuleringa om at like barn leikar best viser seg på mange måtar. Her kan eg vise til bygdelaga i byane. I Oslo hadde vi til dømes Nordlandslaget, Sunnfjordlaget, Vestlendingen, Hedmarkslaget og Hallinglaget, som samla innflyttarane frå ulike område av landet til felleskap, fest og glede. I samband med den sterke veksten av byane i landet frå tidleg på 1900-tallet fekk bygdelaga i Oslo, Bergen og Trondheim ein

viktig sosial funksjon. I eit større internasjonalt perspektiv er ghettoar av innvandrarar i alle store byar yttrykk for dei same behova. I realiteten er det eit grunnfesta behov hjå oss alle til å møte folk med same bakgrunn som oss, som vi har felles erfaring med eller som har dei same problema som vi sjølve slit med.

Derfor er det også at dei som får eit langt liv og blir svært gamle, kan oppleve det smertefulle å ikkje lenger ha nokon å dele felles livsrøynslar med.

*Desse realitetane har og stor relevans for spesialpedagogikken:*

Ja, og her kan vi vise til at ønsket om fellesskap mellom likesinna og likeverdige medmenneske på vårt fagspråk gjerne blir kalla "behovet for symmetrisk kommunikasjon". Dette betyr å få vere saman med nokon som liknar på vårt eige speilbilde. Her kan eg vise til at den store strategen og sjefen for Blindforbundet, som i mange år også var leiar av FFO, Arne Husveg, ofte understreka at avskaffinga av blindeskolane var ein trussel mot heile blindekulturen. Denne reformen kunne gjere synshemma venelause og einsame ved at dei ikkje fekk nærkontakt med barn og ungdom i same situasjon. Han var rett og slett bekymra for at synshemma barn og unge blei frårøva vilkåra for symmetrisk kommunikasjon. I dette perspektivet kan utvilsamt integrering vere eit tveeggsverd. Dersom det betyr at vi forsømer den samfunnsoppgava det er å gi mulighet til likeverdig fellesskap for minoritetsbarn, gjer vi oss skuld i omsorgssvikt.

*Kva så med spesialskolane i dette perspektivet?*

Sjolv om vi praktisk talt er aleine i verda som har avskaffa desse særordningane for funksjonshemma og forsømte, så kjem Norge neppe til å gjenskape spesialskolane i opprinneleg form. Men det er behov for ei bevisstgjering av uheldige og uakseptable konsekvensar i kjølvatnet av reformene frå siste del av 1900-talet. Her tenker eg ikkje minst på HVPU-reformen i 1991, der regje-

ringa nærmast over natta vedtok å overføre ansvaret for utviklingshemma til kommunane. Dermed forsvant mange statlege institusjonar, og under parolen om integrering blei unge utviklingshemma plassert på hybelleiligheter rundt omkring i sine bydelar og heimkommunar. Det som hadde vore deira livsmiljø i små institusjonar med vennskapsforhold og meningsfulle aktivitetar, blei nå lagt i grus. På kort sikt fekk denne reformen fleire tragiske enn positive konsekvensar, og det er ikkje utan grunn at dette har blitt kalt eit brutalt overgrep mot ei av dei svakast stilte gruppene i vårt samfunn.

Moralen i dette er at det ikkje er akseptabelt å rive ned noko som fungerer før vi har bygd opp noko nytt. Vi må vise respekt for at alle har behov for medmenneske som kan gi likeverdig og nær oppleving av fellesskap. Vi har behov for intimitet.

For barn og ungdom er det viktig å legge til rette for tilgang til vennskap og gi vilkår for å lære den sjølvtilitt som er nødvendig for å oppsøke og utvikle personleg kontakt. Vi kan merke oss at det på dette området blir det gjort ein stor frivillig innsats. Dei som har opplevd blinde i Ridderrennet på Beito-stølen eller som har vore til stades ved idrettsarrangement for utviklingshemma, har fått vere vitne til stor idrettgleding. Men også gleden av fellesskap med andre i same situasjon. Ved sidan av idrettsgleding blir det her ofte knytt nære vennskapsband.

Det ville vere eit framsteg om regionale og nasjonale samlingar for ulike minoritetsgrupper kunne bli ein obligatorisk del av velferdsstatens oppvekst- og omsorgsrepertoar.

*Korleis ser du på framtida til ulike institusjonar?*

Det har alltid vist seg å vere problematisk å plassere barn i institusjon. Men alt er relativt og vi bør ikkje late att augo for uverdige trekk ved eit skolesystem som slit med å realisere likeverd og rettferd. Barneinstitusjonar av forskjellig slag vil truleg i all framtid ha ei viktig rolle, ikkje minst i eit internasjonalt

perspektiv. Verda er full av foreldreause og heimlause barn. Derfor er det ei stor oppgave å utvikle oppvekst- og opplæringsorienterte institusjonstilbod av høg kvalitet.

Personleg har eg i første rekke erfaring med spesialskolar og guteheimar for unge med såkalla tilpassingsvanskar. Det første blir sett på som eit mørkt kapittel i vår historie. Det gjeld og utvilsamt også andre spesialskolar, kanskje særleg evenveikeskolane. Men det har aldri vore nokon mangel på gode og djerve målsettingar og det finst mange lyspunkt.

*Du har vore opptatt at historia om tiltaka for dei utstøytte:*

Ja, og den starta for fullt på 1700-talet med eit tukthusregime som var eit grotesk uttrykk for instusjonsplassering av fattigfolk i alle aldrar. Her havna mellom anna tenestejenter som hadde fødd barn etter misbruk av husbonden og barn som hadde skulka unna den nye skoleplikta (frå 1739). På 1800-talet oppsto "redningsrørsla" med barneasyl, oppdragelses- og redningsanstaltar, og vi fekk lovforbod mot tukthusplassering av skolebarn. Så kom den legendariske vergerådsløva av 1896, skapt av pioneren, riksadvokat Bernhard Getz. Nå fekk vi vergeråd på kommunenivå og eit nett av barne- og skolehjem. Frå 1951 blei dei siste kalla spesialskolar for barn og unge med tilpassingsvanskar. Getz hadde ein kongstanke om å skape rettferd ved å befri vankeligstilte barn frå det han kalte samfunnets dobbelstraff: Først blei barna fødte inn i eit ekstremt elendig oppvekstmiljø og deretter når det gjekk gale, blei dei utsette for øydeleggjande straffetiltak.

Getz hadde ei urealistisk tiltru til datidas skole, og det skulle snart vise seg at dei nye skolehjemma var gjennomsyra av den same straffeideologien som fengselsvesenet. På Bastøy gjorde ungdommane i mai 1915 opprør mot det tyrraniet dei var utsette for. Ved hjelp av krigsskip frå marinen (med panserskipet Norge i spissen) blei oppstanden slått ned. Det er første og forhåpentleg siste gang at Krigsmakta blir sett inn mot skoleungdom.

*Som du påpeikte har du og i ung alder gjort dine personleg erfaringar:*

Ja, som ung student i 1957 fekk eg som lærarvikar oppleve ein spesialskole innanfrå. Her fekk eg og innsikt i bakgrunnen for at dei nærmare 40 gutane blei sendt til denne skolen på ei lita øy vestpå. Det handla for det meste om bagatellar, litt nasking, konflikt med skolelæraren, foreldras vandel. Ein gut hadde rømt heimanfrå fordi han ofte fekk juling av sin far og om ein gut sto det berre at han var tyskerunge. Eg undra meg over fornuften i å sende barn frå lengst nord, syd og aust i landet for å gi dei opplæring på ein slik bortgøynd institusjon på ei lita øy. Gutane var nokså like dei eg hadde vakse opp saman med nokre få år tidlegare. Eg såg at mange hadde det vanskeleg og noko eg la la særleg merke til og prøvde å gjøre noko med, var dei eldre gutane sine overgrep mot dei yngre. Etter at eg hadde reist frå øya for å studere fekk eg også vite at ein kollega hadde blitt avslørt som seksuell misbrukar av eit par av gutane. Eg hadde nok hatt mistanke om noko i den retning, men vi hadde ikkje noko begrep om seksuelle overgrep mot barn på den tida.

Da eg i 2003 påtok meg å vere leiar for ei offentlig utgreiing som skulle sette søkelyset på omsorgssvikt og overgrep i barneinstitusjonar, fekk eg høve til å gå nærmare inn i denne materien.

*Kan du seie litt om det utvalget kom fram til?*

Utvalget hadde som mandat å framskaffe kunnskap om omsorgssvikt og overgrep i institusjonar der barnevernet foretok plasseringar i tidsrommet 1945-80. Arbeidet bygde på tre kjelder: For det første arkivmateriale, særleg Riksarkivet og Sosialdepartementes arkiv, men også kommunale og eit par private arkiv. Dernest sjølvbiografiske opplysningar frå tidlegare barnehjemsbarn og spesialskoleelevar. Her hadde utvalget eit tett og godt samarbeid med generalsekretær Ola Ødegaard i Rettfred for taperne, som gjorde ein imponerende intervju- og kartleggingsinnsats. For det tredje bygde vi på norsk og

utanlandsk forskning. Begrensingar i vårt arbeid besto mellom anna av dårlege arkiveringsrutiner i statsforvaltninga og sletting av arkivmateriale ved enkelte barnehjem.

Det var tydeleg at barneinstitusjonane blei forsømt av styresmaktene. Samtidig hadde desse institusjonane eit kritisk lys retta mot seg – ikkje minst av ei årvåken presse som i mange tilfelle framsto som talerør for barna. Styresmaktene hadde ofte forsøkte å tilsløre eller skjule kritikkverdige forhold. Men trass ressursfattigdom og kritikk utanfrå, er det heva over tvil at plassering i barnhjem for mange var redninga. Det er heva over tvil at mange av desse institusjonane fungerte som gode erstatningshjem og mange av dei ansatte var oppofrande menneske.

Men det er også heva over tvil at det ved mange barnehjem og spesialskolar forekom omsorgssvikt i form av mangel på ivaretagelse av barns behov for mat og klær, behov for stimulering, helsetilsyn, tryggleik, menneskeleg nærleik og varme. Hovedinntrykket er at mange av barna ikkje opplevde at nokon var glade i dei og brydde seg om korleis dei hadde. Fysisk straff var også nokså vanleg og slike uverdige overgrep var ofte ein del av kvardagen. Ein del av dei metodane som blei brukt var groteske: fysisk mishandling ved slag og spark, innesperring i mørke kjellerrom og til dømes utestenging i vinterkulden utan klær.

Det er heller ingen tvil om at mange var offer for seksuelle overgrep. Dei skuldige var ansatte enkeltpersoner, men vi fann og fleire døme på eldre barns overgrep mot dei yngre. Omsorgssvikt og fysiske overgrep har rimeleg nok hatt større omfang enn seksuelle overgrep. Men det er heva over tvil at det har vore ein betydeleg forekomst av seksuelle overgrep i barneinstitusjonar i mandatperioden.

For å forstå noko av bakgrunnen for den nedverdige behandlinga av barn, må vi sjå på den sterke straffepedagogiske tradisjonen vi står i. Men vi må også ta omsyn til mangelen på personale med kompetanse, sammensettinga av barn og unge, mangelfullt utstyr, store økonomiske vanskar, overbelegg i

institusjonane og mangelfullt tilsyn. For dei ansatte var det lange og strevsame arbeidsdagar og svært dårleg betaling.

### *Kva med tilsynet?*

Det var tydeleg at tilsynsapparatet ofte svikta og regjeringa viste liten interesse for å føre effektiv kontroll. Det blei stilt minimale økonomiske ressursar til disposisjon. Ofte var det nært bekjentskap mellom dei som skulle utføre tilsynet og leiarane for institusjonane. (Her kan eg vise til Gabriel Scott sitt verk ” De vergeløse” (1938) som på ein gripande og opprørande måte viser kor gale det kan gå når tilsynet ikkje er til å stole på og er i lomma på institusjonsleiaren.)

### *Men du fekk oppleve at uvalgets konklusjonar nådde fram:*

Utvalget foreslo oppreising og erstatning til alle som fekk ein øydelagt barndom i utrygge og uverdige institusjonar. Vi foreslo samtidig forbetringar for framtida med utdanning av personale og skikkelege kontrollordningar. Vi la vekt på at eit kvalitetssikrande arbeid måtte sørge for at dei barna som i framtida hamner i institusjon er garantert at grunnleggjande omsorgsbehov blir ivaretatt. Barna må sikrast mot nedverdige behandling. Dette handlar om deira personlege integritet både fysisk, psykisk og sosialt. Og barna må få reelle muligheter til å utvikle tiltru til at dei har ei framtid. Det er særleg viktig å sikre at barna kan få utvikle ein interesse og få oppleve gleden ved å få noko til. Dette krev at dei får delta i nyttige læringsaktivitetar og at dei må sikrast oppmuntring ved positive tilbakemeldingar.

Er glad for at Storting og departement lytta til våre framlegg. Det betyr at mange får oppreising og erstatning. Det betyr samtidig at vi heretter kan rekne med å få ei kvalitetsheving av barne- og ungdomsinstitusjonane. Det betyr også at vi kan få gode kvalifiseringstilbod til dei som skal bære ansvar for barna. Når dette blir realisert vil det bety rettferd i praksis.

På den eine sida vil dette innebere å hindre dobbelstraff av barn som først har fått straff ved å vekse opp på steingrunn og som så får straff ved å få nedverdigande behandling i skolesystemet eller i ein barneverninstitusjon.

På den andre sida vil det kunne innebere framtidretta initiativ på mange frontar.

*Du er opptatt av eit anstendig opplærings-system:*

Ja, og det handlar om noko langt meir enn kvalitetskrav til barnehjem og barneverninstitusjonar. I første rekke dreier det seg om store endringsbehov i dagens skolesystem. Etter mi vurdering er det ein forelda tankegang at det skal vere ein teoriskole som nærast skal ha monopol på å førebu ungdom på framtida. Arbeidslivet som betyr nesten alt i draumane til unge menneske, er satt på sidelinja og er praktisk talt utan formelt ansvar. Det er på tide at vi merkar oss at det i dag er like mange unge som fell utanfor som for førti – femti år sidan. Vi bør og sjå med stort alvor på tendensen i skolen til å plassere barn og unge på eitt eller anna sidespor. Eit konkret uttrykk for dei hindringsfaktorane som her opererer er det store fråfallet i vidaregåande opplæring som er uttrykk for mange nederlag og brutte håp. I første rekke viser dette at den pedagogiske og økonomiske tankegangen frå etterkrigsåra som fastslo at unge menneske si oppgave var å sitte på skolebenken og at ungdomsalderen skulle vere ein samanhengande skolealder – det viser at denne tankgangen var både feil og farleg.

*Kva ser du på som viktige steg for å komme vidare?*

Eg trur det er nødvendig at arbeidslivet tek på seg ei ansvarleg rolle for å skape ei realistisk førebuing til framtidslivet for norsk ungdom.

Trass i mange skolereformer som har vore positive på mange område, ikkje minst for barneskolen, bør vi nå innsjå at opplærings-systemet med det formalteoretiske og insti-

tusjonsprega skolekonseptet vi har bygd på dei siste femti åra, ikkje maktar å skape ei formålstenleg læring. I stor grad gir skolen opplæring for gløymse, opplæring i dårlege arbeidsvanar og utvikling av sviktande sjølvtiltru og ikkje minst: manglande pågangsmot. Altfor mange får eit taparstempel og det skjer praktisk talt ingen sosial utjamning. Derimot blir forskjellane forsterka. Barnhjem- og barnevernbarna er dei aller største taparane i dette systemet.

Skal vi befri oss frå desse uverdige forholda, må vi vere bevisst problemskapande pedagogiske tenkemåtar, og styresmaktene må våge reell nytenking. Samtidig vil det vere behov for ein dugnad der alle samfunnskraftene tek sin del av ansvaret. Dersom vi ville bruke den innsikten og dei ressursane vi rår over, kunne vi sørge for at absolutt alle barn og unge fekk ein anstendig oppvekst og ei realistisk, framtidretta opplæring. Dette ville vere rettferdige vilkår for eit verdig liv.

*Edvard Befring*

Løkkaskogen 12 C  
0773 Oslo

Telefon 22 14 25 47

Mobil: 916 34 890

E-post: [edvard.befring@isp.uio.no](mailto:edvard.befring@isp.uio.no)